

## Høgfjellstur til villreinen sitt rike

Stigen startar på Hellebu, like ved fjellet Hellerane (1097). Straks etter Hellerane går du forbi Veslesyningen (1138) Frå begge desse toppane er det mektig utsikt.

Straks etter Hellerane ligg Veslesyningen (1138) med fin utsikt til nærområdet. Stigen går vidare i fint lende. Der stigen går forbi Storesyningen (1220) ligg det i ei grop på vestsida ei fin vassolde med friskt oldevatn. Eit stykke etter

Storesyningen lyfter Buhovdnatten (1351) seg på høgare side.

Litt stigning i terrenget her før ein er oppe og ser Reinsbottvatnet. Stigen går vidare her på oversida av vesle Reinsbottvatnet. Der står ei lita fiskebu.

På vestsida av vatnet er det veldige steinurder og med dei mektige fjelltoppane, nordre og søre Skorvefjell og Fossebrea (1666), som er høgaste

fjellet i området. Frå Reinsbottnan kan ein også fylgja ein litt dårlegare stig vidare til Fagerdalen. Då vert turen ca. 4,5 km. lenger.

Er du nære Svaraberg kan du rope og få det svaret du vil, frå ekkoet i fjellet. (Der av namnet). Ved botnen av Svaraberg er det ei stor grotte inn i fjellet. Denne er ligge- og kvileplass for sauer.



Betalingsbom frå Liagardane, Bakke og Fekjastølvegen i Votndalen. Stølsvegar over Lya til Hellebu.



På Hellebu, ved Hellerane (øvre, vestre stølen på Hellebu)



Fin turstig (rekingsveg ) i fjellet. Stigen er skilta, men ikkje merka. Bruk kart.



Mektige fjell, fjellvatn, vidt utsyn.



Ein veg ca. 5-6 km. Tid ca. 1 til 2 timar.



For meir detaljert kart sjå: Reineskarvet, 1:50 000

